Møtedokument til årsmøte i Lærdal Idrettslag

Dato: 23.03.17
Stad: Klubbhuset, Lærdal

Sak 01/17: **Godkjenning av innkalling og sakliste**

Tilråding til vedtak: Innkalling og sakliste vert godkjent.

Sak 02/17: **Val av møteleiar**

Tilråding til vedtak: Saka vert lagt fram utan tilråding.

Sak 03/17: **Val av skrivar**

Tilråding til vedtak: Saka vert lagt fram utan tilråding

Sak 04/17: **Val av to til å skrive under møteprotokollen**

Tilråding til vedtak: Saka vert lagd fram utan tilråding.

Sak 05/17: **Årsmeldingar**

Tilråding til vedtak: Årsmøte godkjenner årsmeldingane frå gruppene.

Utgreiing:
Årsmeldingane er utarbeida av gruppene og vert lest opp på møtet. Dei er også tilgjengelege på heimesida til laget/gruppene.

- *Hovudlaget*
- *Fotball*
- *Friidrett*
- *Turn og barneidrett*
- *Innebandy*
- *Skeise*
- *Ski*

Sak 06/17: **Rekneskap 2016**

Tilråding til vedtak: Årsmøtet godkjenner rekneskapet for 2016

Utgreiing:

Rekneskapsrapport vert lagt fram i møtet.

Sak 07/17: **Melding frå revisor**

Tilråding til vedtak: Årsmøtet godkjenner melding frå revisor

Utgreiing:
Melding frå revisor vert lagt fram i møtet.

Sak 08/17: **Medlemskontingent**

Tilråding til vedtak: Årsmøtet vedtek å ikkje endre medlemskontingenten

Utgreiing:
Medlemskontingenten i Lærdal Idrettslag vart endra i 2016. Følgjande sats gjelder 2016, og er foreslått for 2017;

- Familiemedlem kr 600
- Aktiv over 16 år kr 400
- Aktiv under kr 200
- Støttemedlem, kr 150

Det er viktig at gruppene har system for innkrevjing av treningsavgift. Dette på grunn av forsikring og dekning av driftsutgifter gruppa har.

Sak 09/17: **Fordeling av tilskot mellom gruppene**

Tilråding til vedtak: Fordeling av tilskot vert endra som følgje av nye satsar. Fordelinga mellom gruppene skal vurderast årlig.

Utgreiing:
Styret i hovudlaget disponerer 25% av tilskot/felles midlar. Dei resterande midlane fordeles etter følgjande fordelingsfaktor;

- Fotball 30%
- Turn og barneidrett 20%
- Skeise 15%
- Handball 0%
- Friidrett 10%
- Ski 10%
- Innebandy 5%
- Handbak 10%
- Symjing, etter avtale

For 2014 vart dette samla kr 200.000 som gikk til utbetaling.

På grunn av stram likviditet i 2016 vart det ikkje betalt ut midlar til gruppene dette året. Desse midlane vert betalt ut når likviditeten i hovudlaget er betra.

Sak 10/17: **Budsjett 2017**

Tilråding til vedtak: Budsjett for 2017 vert godkjent

Sak 11/17: **Val av styre i hovudlaget i Lærdal Idrettslag**

Tilråding til vedtak: Valnemnda legg fram forslag til nytt styre i møtet

Sak 12/17: **Godtgjersle til styret i hovudlaget i 2015**

Tilråding til vedtak: Årsmøtet vedtek å ikkje endre godtgjersla til styret i hovudlaget

Utgreiing:
Noverande ordning;

- Leiar i styret: kr 10.000
- Kasser : kr 1.000
- Skrivar: kr 1.000
- Øvrige medlemmer i styret: kr 0

Sak 13/17: **Val av revisor**

Tilråding til vedtak: Valnemnda legg fram forslag til 2 revisorar i møtet

Sak 14/17: **Godtgjersle til revisor i 2017**

Tilråding til vedtak: Årsmøtet vedtek godtgjersle på kr 500 til kvar av revisorane. Samla kr 1.000.

Utgreiing:
Laget har ikkje hatt godtgjersle til revisor sidan ein nytta konsulentfirma på denne tenesta. Styret i hovudlaget foreslår å gi revisor kr 500 i året.

Sak 15/17: **Valnemnd i Lærdal Idrettslag for 2016**

Tilråding til vedtak: Årsmøtet vel Hanne Ødegård (leiar), Anita Bentås og Jan Geir Solheim til valnemnd i Lærdal Idrettslag

Utgreiing:
Valnemnd for år 2016 var Hanne Ødegård, Anita Bentås og Jan Geir Solheim. Det er viktig at heile bygdi og begge kjønn er representert i valnemnda.

Sak 16/17: **Val av kandidat til Frivillighetssentralen**

Tilråding til vedtak: Årsmøtet vel Henri Henell som kandidat til Frivillighetssentralen

Utgreiing:
Inga endring i forslag til kandidat. Henri Henell var kandidat i 2014.

Sak 17/17: **Val av medlem til Marknadsnemnda**

Tilråding til vedtak: Årsmøtet vedtek å velje NN til medlem i marknadsnemnda

Utgreiing:
Forslag til medlem vert lagt fram i møtet av styret.

Sak 18/17: **Godkjenning av gruppe for handbak og innmelding i Norges Bryteforbund**

Tilråding til vedtak: Årsmøtet i Lærdal Idrettslaget vedtek å opprette ei eiga særgruppe for Handbakgruppa i laget og melder denne inn i Norges Bryteforbund. Handbakgruppa vel naudsynt tal på styret.

Utgreiing;
I sak 18/15 vart det bestemt å etablere eiga gruppe for Handbak. Dette var ei lita gruppe, og inntil vidare vart den organisert under hovudlaget. Gruppa og aktiviteten er no større og styret anbefalar årsmøtet til å endre vedtaket i sak 18/15, og opprettar Handbak som eiga gruppe.